

# Beredskapsplan gult nivå Frøyland skule

I arbeid med denne planen har me heile tida hatt barns beste i fokus. Elevane har rett på eit trygt og godt skulemiljø der me legg til rette for god psykisk og fysisk helse. Elevane skal ha eit pedagogisk forsvarleg tilbod samt trygge rammer jfr. smitteverntiltak.

Til grunn for utarbeiding av planen ligg Trafikklysmodellen:

Gult nivå	Tiltak:
	Ingen sjuke skal møta på skulen
	God hygiene og forsterka reinhald
	Unngå fysisk kontakt mellom personar (handhelsing og klemming)
	Heile skuleklassar blir rekna som ein kohort.
	Ansatte kan veksla mellom kohortane.
	Trinnvise/klassevise kohortar på SFO
	Unngå trengsel og store samlingar
	Ha eigne områder i skulegarden for ulike klassar/kohortar i pauser/friminutt for å minska kontakt mellom ulike kohortar

I rettleiaren for smittevern utgitt av Utdanningsdirektoratet under punktet Redusert kontakt mellom personar, «En fast gruppe med elever og ansatte kalles en kohort og på skole/SFO vil slike kohorter være et godt utgangspunkt for smittebegrensning og eventuell sporing av smitte. En kohort kan for eksempel ta utgangspunkt i skolens eksisterende klasseinndeling og norm for lærertetthet (15 elever per lærer på 1.-4. årstrinn, og 20 elever pr lærer for 5.-7.trinn). Innen en kohort kan elever og ansatte omgås og leke sammen. To kohorter kan samarbeide for praktisk gjennomføring av skoledagen, men samarbeidet skal fortrinnsvis foregår utendørs.»

På Frøyland skule vil det i praksis bety at ein så langt det lar seg gjer held på den ordinære gruppeinndelinga.

Klassane på trinnet er 1 kohort, trinnet kan vera saman utandørs. 6.trinn må delast i to.

Me har eit trinn i kvar sin fløy med eigne inngangar/garderobar/toalett.

Uteområdet vil bli delt inn i sonar, kvart trinn/kohort har sitt faste uteområde. Der skal dei opphalde seg i alle friminutt og før skulestart. Me har ein rulleringsplan for sonene i uteområde, slik at elevane får nytta ulike deler av skulegarden.

SFO har per 01.12.22 ca. 94 brukarar. Dei vert 3 kohortar, med smittevernretningslinjer. Mat vert laga av vaksen/kokk og følgjer rutinar for handvask og avstand.

## Diverse informasjon:

- Føresette kan gå inn i garderoben, men må halde avstand (meteren).
- Første skuledag fordeler me vaksne oss på dei ulike områda og viser elevane til sitt området. Eigen plan for 1.trinn.
- Ved sjukdom må barn og ein vaksen (frå trinnet) gå vekk frå kohorten sin, kan vere lurt å gå ut. Ta på munnbind og avtal med føresette om henting ute.
- Hallen, musikkrom, aula, kunst og handverk og mat og helse rom er i bruk.
- Styrkerom er stengt.

- Utegymskalar skal prioriterast
- Garderobar kan nyttast dersom ein kan oppretthalda smittevernet og det er 1 meter avstand mellom elevane. Det må vera tilgjengeleg flasker med såpevatn, som ein kan tørka av benkane med etter bruk. Bør tenkja minst mogleg bruk og søkja å leggja kroppsøving på slutten av dagen slik at elevane kan dysja heime.
- Symjehallane er opna.
- Bibliotek kan brukas. Elevane har reingjort hendene før dei går til biblioteket. Antibac brukast i biblioteket.
- Innlevering av bøker etter sjukdom: viruset kan overleve på papp i eit døgn. Elever med symptom på luftvegsinfeksjon skal uansett halda seg heime til dei har vore symptomfrie eit døgn, lengre dersom dei er i karantene eller isolasjon. Bøker kan difor innleverast når barnet sjølv kan koma tilbake på skulen.
- Elever med symptom på luftvegsinfeksjon skal uansett halda seg heime til dei har vore symptomfrie eit døgn. Lengre dersom dei er i karantene eller isolasjon.
- Alle må vaske hendene når dei kjem på jobb og når ein kjem til ein «ny» kohort.
- Desinfiser datamaskin/kopimaskin som fleire brukar. (står ved maskinane)
- Kan sitte saman på personalmøtet, med minst 1 m avstand og i kort tid.
- Har morgonmøte digitalt
- Tørke av bordet, der du har vore.
- Reglar for organisert idrett (NFF sine reglar) gjeld ved bruk av t.d. fotballbanen. Vakt på området har ansvar for å følgje med at elevane held seg til reglane.
- Vennegrupper kan organiserast, men må vere frå same kohort
- Foreldremøter vert arrangert klassevis, eventuelt på teams.
- 1.-7.trinn har i utgangspunktet sine eigne klasserom
- Dei blir henta i sonene av lærar og går puljevis inn til klasserommet
- Elevane har eigne skrivesaker og låner ikkje ipad/bøker av kvarandre

#### **Saksbehandlar sine oppgåver:**

- Samarbeider med mjølkeansvarleg lærar (eventuelt ATO oppgåve). Avtaler tid for levering med kontaktlærar.
- Har tilgjengeleg antibac, våtserviettar og eingongshanskar.

#### **Reinhald sine oppgåver:**

- Forsterka reinhald, følgjer Time kommune sine prosedyrar.

#### **Leiinga:**

- Sikre opplæring av rutinar for handvask for tilsette. Alle tilsette må følgje smittvernreglane. Vask hendene når du kjem på skulen, etter alle friminutt og ved byte av kohort.
- Plan og organisering av kohort.
- Ved sjukdom vil personalet bli omdisponert, ass.rektor organiserer og informerer dei det gjeld.
- Dialog med tilsette og elevar som er i risikogruppe. Rektor og spes.ped koordinator følgjer opp dette.
- Dele opp uteareal. Sjå vaktplan og fargekodar for uteområde/sonar.
- Sender ut informasjon til føresette med bl.a. informasjon om oppmøte, levering/henting.

### **Trinnet:**

- Må tømme matavfall kvar dag
- Opplæring av handvask og hoste for elevar
- Alle timar starter med handvask
- Lage rutinar for uteskule, og opplæring av elevar.
- Halde avstand der det lar seg gjer. Kan ha elevane i samling (ringen) i korte økter.
- Trinnet /kohortane kan vere i lag, hovudsakleg ute.
- Skrivesaker til kvar elev, må vere på pulten.
- I garderoben må eleven sine eigendelar (ekstraklede) i pose i hylla. Den må bli sendt heim kvar fredag.
- Elevane kan ikkje ha med eigne leiker til skulen (fotball og liknande.)
- Elevane må vere på sin kohort (sone).
- 2 kohorter kan samarbeide.
- Lage ein plan for utgang og inngang til timane. Lage plan for garderoben.
  
- Plan for når håndvask/-desinfeksjon utføres:
  - Ved ankomst skole
  - Før måltider/mathåndtering
  - Etter toalettbesøk
  - Ved synlig skitne hender
  - Etter kontakt med kroppsvæsker (eksempelvis etter å ha pusset nesene)
  
- Elevane reingjer sin pult og stol før og etter måltid og ved dagslutt.
- Alle klasser kan hente antibac, våtserviettar og eingongshanskar til uteskule på kopirommet.

### **For personalet:**

- Alle må vaske hendene når dei kjem på jobb og når dei kjem til ein «ny» kohort.
- Desinfiser data – og kopimaskin som fleire brukar. (står ved maskinane)
- Kan sitte saman på personalmøta, med minst 1 m avstand.
- Tørke av bordet, der du har vore. Reingjeringsmiddel står på bordene på personalrommet.
- Ber om at ein nyttar personalrom minst mogleg. Sitt på trinnområdet om det er mogleg.
- PU-tidene vil i hovudsak bli gjennomført digitalt.

### **SFO:**

- Overflater i areal som SFO brukar skal vaskast før og etter mat. Og ved dagslutt.
- Maten vil bli servert i kohortane
- Leiker vert bruka innan same kohort.

### **Praktiske fag:**

- Det er ok å ha mat og helse undervisning så lenge det bare er elevar frå same kohort og dei lager mat som er varmebehandla. Sjå s. 13 i smitterettleiar.